



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 19.05.2014 kl. 15:15 -17:30

Stad: ASKVOLL

Frammøtte medlemmer:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Anne Grethe Lien	Nestleiar
Linda Karin Solheim	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Reidun Melvær Norheim	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Åge Guddal	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Andre møtande:

Reidar Knapstad	Prost
-----------------	-------

Forfall:

Jorunn Ringstad	Medlem
Inger Lise Saltskår	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Jostein Vidar Takle	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2014/28		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2014/29		Godkjenning av protokoll frå møte 23.04.2014	RUNE ZIENER
SR 2014/30		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
SR 2014/31		Gudstenestestruktur i Askvoll	RUNE ZIENER

Askvoll, 19.05.2014

Ref.

Rune Ziener
Kyrkjeverje

SR 2014/28 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen.

SR 2014/29 Godkjenning av protokoll frå møte 23.04.2014

UTGREIING

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 23.04.2014.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 23.04.2014.

SR 2014/30 Skriv og meldingar

UTGREIING

M 22/14 - Protokoll frå Askvoll soknemøte (19.05.2014)

M 23/14 - Drøfting. Gåve/markering til enkeltpersonar i samband med 150-årsjubileet til Askvoll kyrkje.

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

SR 2014/31 Gudstenestestruktur i Askvoll

UTGREIING

Med utgangspunkt i soknerådssak SR 2014/12 vart det lagt fram ei orientering i Askvoll soknemøte 18. mai om modellen soknerådet ønskjer for ny gudstenestestruktur/-forordning i soknet.

Ein har forutsett at saka skal opp til ny vurdering, etter å ha fått innspel frå soknemøtet.

Soknemøtet vedtok samrøystes at skriftlege vedlegg ein har motteke i saka leggast ved vedtaket.

Vurdering

Argumenta som har komme fram i prosessen bør ikkje vurderast tungtvegande nok til at ein går bort frå målsetjingane soknerådet har med dei ønska strukturendringane. Eit unntak er innvending frå Stongfjorden, om at det vil vere svært uheldig å ha gravferder frå Askvoll kyrkje, og jordfesting i Stongfjorden, når ein har lang veg og dårleg vegstandard mellom Askvoll og Stongfjorden.

Stongfjorden bør derfor framleis ha eit tilbod om gravferder, men for å ivareta det økonomiske aspektet for soknet, føreset ein at kapellstyret sjølv overtek eigarskap og driftsansvar for bygget. Resterande fondsmidlar knytt til kapellet vil følgje med kapellet i ei slik overdraging. Den faste kyrkjelege bemanninga kan nyttast til å ta gravferdene i Stongfjorden.

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd opprettheld vedtaket om at ein ønskjer at den kyrkjelege aktiviteten vert lagt ned ved Stongfjorden og Værlandet kapell frå 1. august 2014.
2. Ein vil likevel halde fram med å ha gravferdsseremoniar i Stongfjorden kapell, med atterhald om at Stongfjord Normisjon (styret for kapellet) overtek driftsansvaret for og eigarskapen for heile kapellet. Bunde fondsmidlar knytt til bygget vert overført til kapellstyret i samband med overføringa. Soknet vil elles syte for bemanning i Stongfjorden kapell til gravferdene.
3. Soknerådet sitt AU får fullmakt til å utarbeide endeleg avtaleforslag med styret for kapellet.
4. Søknad om ny forordning vert sendt Bjørgvin biskop for endeleg vedtak i saka, der uttale frå soknemøtet 18.05.2014 følgjer med saka.

MØTEHANDSAMING

Alternativt forslag til endra punkt 1 og 2 vart sett fram av Ole Andreas Myrstad:

1. Askvoll sokneråd opprettheld vedtaket om at ein ønskjer å endre strukturen på dei forordna gudstenestene i soknet, og seier opp gjeldande bruksavtale med Stongfjorden og Værlandet bedehuskapell.
2. Ein er likevel open for å halde gravferder i bedehuskapella for dei som ønskjer det.

VEDTAK

1. Askvoll sokneråd opprettheld vedtaket om at ein ønskjer å endre strukturen på dei forordna gudstenestene i soknet, og seier opp gjeldande bruksavtale med Stongfjorden og Værlandet bedehuskapell.
2. Ein er likevel open for å halde gravferder i bedehuskapella for dei som ønskjer det.
3. Soknerådet sitt AU får fullmakt til å utarbeide endeleg avtaleforslag med styret for kapella.
4. Søknad om ny forordning vert sendt Bjørgvin biskop for endeleg vedtak i saka, der uttale frå soknemøtet 18.05.2014 følgjer med saka.